



Arkiv: FA-C00, FE-130, TI-&13
JournalpostID: 21/23857
Saksbehandler: Eirik Bouwer Utne
Dato: 10.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Eldreråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
020/21	Ungdomsråd	19.04.2021
	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	
	Alver kommunestyre	

Høringsuttale - planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner høringsinnspillet, slik det ligg føre i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune vedtok den 3. mars å sende framlegg til planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv på høring.

Planprogrammet er forankra i den regionale planstrategien *Utviklingsplan for Vestland*, og planarbeidet skal gå over to år. Planen skal vere ein revisjon av dagens to gjeldande regionale kulturplanar og gjelde frå 2023 til 2035.

Det har hittil i prosessen vore høyringsmøte for det administrative leddet i kommunane den 16. mars, der Alver deltok. Vidare har råda i kommunen deltatt på arbeidsmøte med Vlfk den 9. april.

Saksopplysninger:

Planprogrammet legg fram prosessen, overordna tidsplan, framlegg til organisering og medverknad – i tillegg til fire sentrale plantema. Fylkeskommunen ønskjer særleg innspel til framlegget til val av plantema og viktige problemstillingar innan desse, samt medverknadsdelen av planarbeidet.

Høringsfrista er 20. april 2021 og det er bedt om å få levere høringsinnspel etter frist, med bakgrunn i fastsette datoar for politiske møte i Alver. Kommunen har fått tilbakemelding om

at fristen er sett i vedtaket om å legge planprogrammet på høyring, men at ein vil legge til rette for ei fleksibel handtering, og opnar for at kommunen kan ettersende dokument når desse er klare. Fylkets forslag er å sende førebels framlegg til uttale før 20. april, (primært OKK si innstilling etter møte same dag, sekundært adm. sitt framlegg om ikkje dette lar seg gjere), og ettersende kommunestyrets vedtak.

Føremålet med planen er å peike ut ei retning for sektoren i Vestland, og for det breie kulturfeltet. Det vert vidare understreka at planen ikkje er for fylkeskommunen aleine, men for heile regionen, og føreset breitt samarbeid.

Planarbeidet skal omfatte det utvida kulturomgrepet – kulturarv, kulturformidling, idrett, friluftsliv, profesjonell kunst og kultur, kulturinstitusjonar og frivilligheit, med inkludering og integrering som eit gjennomgåande perspektiv. Den ferdige planen skal gjelde for åra 2023 til 2035.

Den førebelse visjonen for planarbeidet er at *...vi skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv i heile fylket til glede og nytte for alle innbyggjarane... Vidare legg ein til grunn at ...kulturfeltet skal bidra til utvikling av Vestland gjennom kulturen sin skapande og samfunnsbyggande kraft. Planarbeidet skal stå i høve fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag, der den langsiktige visjonen «Nyskapande og berekraftig» stakar ut kursen for den regionale politikken.*

Planarbeidet skal følgje opp Vestland sitt mål om Vestland som leiande kultureregion, og inkludere eit breitt sett aktørar i ein open og medverkande prosess. Planprogrammet peiker vidare på at regional planlegging og samordning er viktig med bakgrunn i at kulturfeltet i mindre grad er lovregulert, og at det er utfordringar knytt til samordning mellom forvaltingsnivåa.

Planarbeidet skal trekke opp breie utfordringar, identifisere satsingar der regionen kan spele ei avgjerande rolle både internasjonalt, nasjonalt og lokalt, og vise tverrsektorielle utfordringar og behov for temaplanar og strategiar.

Namn på planen skal definerast i planprosessen.

Planen skal stå i høve Vestland sitt plansystem, FNs berekraftsmål, nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging og nasjonale mål for kultur, idrett og frivilligheit.

Tidsplanen for planprosessen er handsaming av planprogrammet juni 2021, med ferdig plan og handlingsprogram oktober 2022.

Medverknad skal gå føre ved innspelsmøte, tema- og arbeidsmøte, konferansar, undersøkingar og kunnskapsgrunnlag, samt formelle høyringsrundar.

Planprosessen skal utarbeide og innhente ei rekke kunnskapsgrunnlag, og ta omsyn til demografiske og geografiske variasjonar

Framlegg til sentrale plantema er (1) Vestland som leiande kultureregion, (2) eit berekraftig kulturliv, (3) deltaking, medborgarskap og mangfald og (4) kulturell verdiskaping.

Vurdering

Det leggst opp til at høyringsinnspelet vert sendt som eige dokument, som kan ta inn moment frå sakshandsaminga i råd, utval og kommunestyre på oversiktleg vis.

Høyringsinnspelet er basert på vurderingar knytt til Alver kommune sine pågåande planprosessar generelt, og kommande prosess med KDP idrett, kultur og friluftsliv spesielt. Vidare er det gjort vurderingar knytt til Alver kommune sin geografiske og demografiske posisjon i Vestland, og med blick til erfaringar knytt til Covid-19-pandemien.

Høyringsinnspelet tek omsyn til Strategi- og styringsdokument for Alver, Anleggsstrategi for Alver 2020-2024, kulturundersøkinga frå 2019 og idrettsindeksen for Alver frå same år (med data t.o.m. 2018), samt dei lovpålagde oppgåvene for kommunen.

Framlegg til høyringsinnspel

Alver kommune vil understreke at både den nye fylkeskommunen og ei rekke nye kommunar er i gong med planarbeid innan kultur- og idrettsfeltet i same periode. Alver kommune ønskjer at fylkeskommunen legg til rette for møteplassar for kommunane i desse samtidige planarbeida, og vidare har fokus på å nytte dette sjeldne høvet til å få gode samanhengar mellom regionalt og lokalt plannivå, og kunne vere ein medspelar for kommunane når det gjeld utveksling av erfaringskompetanse og problemstillingar mellom kommunane i dei lokale prosessane.

Alver kommune skal sjølv i gong med ein felles plan for kultur, idrett og friluftsliv, med eit breitt kulturomgrep, og ser fram til å kunne samhandle med regionalt nivå i planprosessar med tilsvarande heilskapleg innhald.

Alver kommune stiller seg bak dei føreslegne fire plantema, og ser desse som relevante og nyttige overskrifter for den kommande planprosessen.

Medverknadsprosessen er tydeleg lagt fram, og legg til rette for brei deltaking. Alver kommune vil peike på viktigheita av at lokale råd, som eldreråd, råd for menneskje med nedsett funksjonsevne og ungdomsråd, har gode høve til å spele inn og påverke prosessane direkte frå dei lokale ledda. Vidare vil Alver kommune peike på at lokale kultur- og idrettsråd er sentrale innspelspartar på sidan av den lokale sakshandsaminga, og at det bør sikrast gode arenaar for desse og tilsvarande råd, t.d. innvandraråd.

Alver kommune vil peike på sær eigenheitene for omegnskommunane i Bergensregionen, og vil fremja at dette perspektivet kan verte sett på i ein større heilskap i kommande planprosess. Felles utfordringar som omegnskommunane møter, samarbeidsflatar dei mellom, og saman med Bergen, vil vere viktige perspektiv dersom regionen skal utvikle seg vidare som leiande innan kulturfeltet, med berekraft, medborgarskap og kulturell verdiskaping i fokus.

Alver kommune vil peike på viktigheita av breie samarbeid om eventuell utvikling av regionanlegg og kulturarenaar, og at dette vert kasta lys på i kommande planprosess.

Alver kommune vil vidare oppmode til at planprosessen spesielt fokuserer på digitale arenaar for barn og unge, fysisk aktivitet, regional og lokal anleggs- og arenautvikling, frivillig deltaking, kunst og profesjonell kultur, ungdomskultur, tilrettelegging, inkludering og integrering, møteplassutvikling og seniorkultur, og går etter felles målsettingar og initiativskapande strategiar i tilknytning til desse felta. Vidare er kulturarvfeltet, og praktiske samfunnsmessige perspektiv knytt til svinn av kulturminne sentralt.

Alver kommune vil peike på at kultur- og idrettsindeksane for Vestland, som vist til i planprogrammet, synleggjer behov for auka fokus på fysisk aktivitet, Den kulturelle skulesekken, kulturskule, bibliotek og museum. Dei lovpålagde kommunale kulturoppgåvene bør få ein tydeleg plass i kommande planprosess. Idrettsindeksen for Alver (2018) viser ein svært høg nedgang for organisert deltaking for ungdom, og fellesskap knytt til målsettingar og strategiar om dette vil vere viktig.

Alver kommune vil til sist ønskje lukke til med dette viktige planarbeidet for alle innbyggjarane i regionen vår.

Vedlegg:

10.04.2021 Høyring regional plan for Kultur, idrett og friluftsliv

1540845